

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 7. september kl. 09.00-10.00

Stad: Zoom: <https://uib.zoom.us/j/64441815395?pwd=NXJxUUdZlhrzdMUFOzZWRHMDU1Zz09>

Meeting ID: 644 4181 5395

Password: 0Fzy6vH@

Til: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Agnete Nesse (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitenskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norsk kursa) Ilka Wunderlich (norsk kursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant) og Sissel-Karin Leknes Torsvik (studentrepresentant)

### Saksliste

UUI-sak 14/20: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
UUI-sak 15/20: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte.....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar .....	3
UUI-sak: 16/20 Drøftingssaker .....	3
Drøftingssak 1: Mandat for fagkoordinatorar .....	4
Drøftingssak 2: Digitalisering av undervisning .....	4
UUI-sak 17/20: Ymist.....	4

### UUI-sak 14/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

### UUI-sak 15/20: Orienteringssaker

### Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Referat for møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 15.06.2020, kl. 14.15 Stad: Zoom

Møtt: Heming Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Rolf Beev (digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitenskap), Torodd Kinn (nordisk språk), Keld Hyldig (teatervitenskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Else Berit Molde (norsk kursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Vegard Sørhus (sekretær (vikar)), Inger Marie Hatløy (fakultetssekretariatet), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant) og Markus Pold (studentrepresentant)

Ikkje møtt: Christine Hamm (nordisk litteratur) og Espen Holthe (studentrepresentant).

## Saksliste

UUI-sak 8/20: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
UUI-sak 9/20: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte .....	1
Orienteringssak 2: Orientering om undervisning og internasjonisering hausten 2020 .....	3
Orienteringssak 2: Status i fagmiljøa .....	3
Orienteringssak 3: Status i studieadministrasjonen .....	4
Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar hausten 2020 .....	4
UUI-sak: 10/20 Drøftingssaker .....	4
Drøftingssak 1: Planlegging av vurdering for hausten 2020 .....	4
UUI-sak 12/20: Vedtakssak.....	4
Vedtakssak 1: Møtedatoar hausten 2020 .....	4
UUI-sak 13/20: Ymist.....	4

## UUI-sak 8/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste er godkjend med følgande endringar:

Orienteringssak 5 lagt til. 2 saker til Ymist.

## UUI-sak 9/20: Orienteringssaker

### Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

### Orienteringssak 2: Orientering om undervisning og internasjonisering hausten 2020

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier.

Heming: Brev sendt ut om opning. Fortsatt litt usikkerheit om kva det betyr for oss. Ikkje full undervisningskapasitet mtp. rom.

Programstyrene delegert myndighet til tilpassing av undervisning og vurdering. Status på internasjonisering: Me følger reglane som UiB elles. Nå får me ikkje fylgt opp prioritering av studentmobilitet, det er ikkje praktisk mulig nå. Me følger det opp til hausten.

Inger Marie: Universitet og Høgskular opnar i dag. Same retningslinjer. 1 meter avstand. Sydneshaugen fortsatt stengt for studentar.

Koenraad: Obligatorisk aktivitet skal gå greitt å gjøre digitalt. Utstyr frå datalab er vanskeleg for studentane å ordne sjølv, så studentane må kunne bruke den til hausten. Blir det digital undervisning for innreisande studentar? Vi kan berre undervise digitalt, eller fysisk + digitalt for nærstudentar. Kan berre gjøre en type undervisning. Heming: Vi vil kunne prioritere bruken av datalaben for LLE til hausten.

Keld: Studieadministrasjonen må hjelpe med standardformuleringar til vurderingsendringar.

### Orienteringssak 2: Status i fagmiljøa

Representantane frå fagmiljøa får 3 minutt kvar til å orientere om stoda.

ALLV: Stemninga er god. Eksamen har gått knirkefritt. Greitt nok med digital undervisning, men studentane ønsker mindre digital undervisning.

DIKULT: Normal framdrift. Forskingsmøter som normalt. Ingenting meir å rapportere.

LING: Digital undervisning og vurdering. Krevjar meir tilpassing. Har gått bra. Ønsker meir informasjon frå UiB.

Nordisk språk: Ikkje så mykje å rapportere inn. Eksamenar har gått greitt. Ikkje alt som fungerte med digital undervisning. På 100-nivå syntes studentane tilpassinga var bra tatt forholda. Usikkerheit om lektorutdanninga.

Teatervitskap: Gått bra. Var halvegs i undervisninga og måtte legge om. Gjekk bra. Studentane ønsker meir sosialt. Uklarheit omkring planlegginga av romma. Saknar retningslinjer rundt dette. Vanskeleg å prioritere fysisk oppmøte i emne.

Klassisk: Gått ok denne våren. Ikkje noko meir fråfall enn andre år. Jobbar med søknad til DIKU samen med kunsthistorie – «Aktiv kulturarv».

Kunsthistorie: Går ganske greitt. Har ikkje skjedd mange endringar sidan førre møtet. Mulig det er litt dårlegare karakterar, men ikkje merkbar fråfall. 200-300 nivå bør kunne gå på campus. To store emne på 100-nivå blir mogleg digitalt. Ressursutfordringar – sjukemelding, permisjon.

Norskkskura: Vanskeleg å planleggje sidan me ikkje veit kor mange som kjem innvekslande. Etter 20. juli vert det enklare å sjå kor mange som kjem. Gått greitt elles dette semesteret. Problem med skriftleg eksamen, moglegheiter for fusk, litt for gode oppgavesvar. Ein del fråfall i studentar sidan mange reiste heim under koronatida.

Lektorutdanninga: Stemninga er god. Undervisninga har fungert greitt. Litt ymse erfaringar med praksis, forskjell på lektorstudentar – greitt for studentane, PPU har klaga meir. Lektorstudentane meir vant til endringar. Om praksis i haust - ingenting er planlagt. Langpraksis ok, kortpraksis må ha plan B ettersom dei treff fleire elevar. Men det skal nok gå greitt. Ressurssituasjonen er pressa på lektorutdanninga.

Student Arnt-Robert: Viktig med PC-rom med PC tilgjengeleg til digital undervisning. Må ivareta det sosiale rundt utvekslingsstudentane.

Inger Marie: Me prioriterer fysisk undervisning så mykje som mulig på campus.

### Orienteringssak 3: Status i studieadministrasjonen

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

Studieleiar sjukemeldt. Også andre i studieadministrasjonen er sjukemeld. Byr på utfordringar. Bra at Inger Marie og Vegard er med å hjelpe til.

### Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar hausten 2020

Det har blitt sett til side pengar på instituttet til undervisningsassistentar på LLE hausten 2020. Nokre har alt søkt og fått. I denne omgangen blir diverre fagmiljøa i klassisk og norrønt, og dessutan norsk kursa, haldne utanfor. Søknadsfrist er tysdag 23. juni på e-post til studieleiar Signe Nilssen. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterte kort om dette.

### Orienteringssak 5: Strømming av undervisningsrom

Moglegheit og ønske om strøyming av undervisning. Vegard orienterte om at han sendte inn ei prioriteringsliste over ønska strømmemuligheiter for LLE i undervisningsrom frå hausten av.

### UUI-sak: 10/20 Drøftingssaker

#### Drøftingssak 1: Planlegging av vurdering for hausten 2020

Vi må planlegge for alternative vurderingsformer også til hausten. Viser til utsendt e-post frå studieleiar Signe Nilssen 27. mai og frå «støttstudieleiar» Inger Marie Hatløy onsdag 10. juni. Inger Marie Hatløy og Vegard Sørhus orienterer. Sjå vedlegg.

Inger Marie: De fleste eksamenane må gjennomførast digitalt, så mange må endre disse til hausten. Gikk gjennom retningslinjene for tilpassing av undervisning og vurdering. Tenk over bruken av greidd/ikkje greidd, er ikkje gunstig for alle studentane. Dette er opp til fagmiljøa å avgjere. På siste side står det kven som gjer kva. Kort frist.

Studentane: Viktig at studentane inkluderast. Heming: Retningslinjene tilseier dette.

### UUI-sak 12/20: Vedtakssak

#### Vedtaksak 1: Møtedatoar hausten 2020

7. september

12. oktober

23. november

Om det blir bruk for det, kan vi òg halde møte i desember.

Vedtak: UUI godkjenner møteplanen for hausten 2020.

### UUI-sak 13/20: Ymist

Sak 1 frå studentane:

Studentane meldte inn ei sak om moglege konsekvensar av bortfall av justerande munnleg ved BA-oppgåver manglande tilgang på litteratur denne våren. Dette kan slå særleg uheldig ut for dei studentane som har søkt master og som er avhengig av god karakter på BA-oppgåve for å komme inn. Saka vart diskutert.

Sak 2. Planlegging av mottaksveka hausten 2020.. Sendt ut i etterkant på epost. Inger Marie orienterte.

DIKULT lager videoar med info til studentane. Elles ordnar fagmiljøa informasjon om emna ut til studentane slik dei ønsker.

Møtet ferdig kl. 16.01

## Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

## UUI-sak: 16/20 Drøftingssaker

### Drøftingssak 1: Mandat for fagkoordinatorar

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord har utarbeidd eit utkast til mandat for fagkoordinatorar. Instituttleiinga ynskjer at UUI drøfter mandatet. Sjå vedlegg.

### Drøftingssak 2: Digitalisering av undervisning

UNIT ynskjer seg tilbakemeldingar om digital undervisning for å kartlegge erfaringar i forkant av å lage ny strateg for digitalisering. Sjå vedlegg.

### UUI-sak 17/20: Ymist